

Tilbakemeldingar om innspel frå høyring om reviderte retningslinjer for levering av data til Matvaretabellen

Mattilsynet mottok tre høyringsinnspel frå bransjeorganisasjonar og verksemder hausten 2024. I dette dokumentet er innspela oppsummert, og vi svarer ut korleis innspela er vurdert og handtert i dei oppdaterte retningslinjene.

Høyringsinnspel	Vår vurdering/handtering
<u>Generiske versus produkt-/produsentspesifikke matvarer</u>	
Dei fleste er positive til at matvarene i Matvaretabellen som hovudregel skal vere generiske. Enkelte er positive til ein kombinasjon av generiske og produkt-/produsentspesifikke matvarer for enkelte matvaregrupper. Det blir nemnt at det er viktig at det står tydeleg kva som ligg til grunn for val av generiske vs produktspesifikke data. Nokre nemner at overgang til generiske matvarer ikkje må føre til redusert kvalitet på offisielle kosthalds- og forbrukarundersøkingar.	Vi kjem til å endre praksis ved at: • dei fleste matvarene skal vere generiske, med gjennomsnittlege eller vekta verdiar. Mange av dei noverande produktspesifikke matvarene blir tekne ut av tabellen i neste versjon. • nokre matvaregrupper vil framleis innehalde produkt-/produsentspesifikke matvarer, fordi det er vanskeleg eller ikkje mogleg å identifisere matvara uten denne informasjonen. • vi vil leggje til tekst om inndelinga i bakgrunnssidene om Matvaretabellen Kva data som ligg bak den enkelte generiske matvare, kjem an på kva data Mattilsynet har tilgjengeleg, enten data levert av matindustrien, frå analyseprosjekt eller lånt frå andre kjelder.
Nokre nemner at data om marknadsandelar kan brukast til samansetning av generiske matvarer, og at bransjen kan sende data om marknadsandelar og forslag til kva produkt som bør vere i Matvaretabellen.	Sidan Matvaretabellen skal vere uavhengig, er det ikkje aktuelt med formelt samarbeid om samansetning av generiske matvarer. Imidlertid kan bransjen sende data om næringsstoff og omsetning som vi kan bruke i våre vurderingar.

Det er òg eit ønske om at bransjen blir involvert i utarbeiding av generiske matvarer.	
Forslag til inndeling av kjøttprodukt	Vi tek med oss innspela om inndeling av kjøttprodukt, men vi kjem per no ikkje til å endre noverande inndeling.
Det må vere frivillig å levere produktspesifikke data	Det er frivillig å levere data til Matvaretabellen
Slette data frå Matvaretabellen	
Fleire etterspør informasjon om kva som skal til for å slette matvarer eller næringsstoffdata frå Matvaretabellen, enten som industrien har levert eller som kjem frå Mattilsynets analyseprosjekt.	Matindustrien kan levere oppdaterte næringsstoffverdiar til Matvaretabellen kvart år. Sidan Matvaretabellen som hovedregel frå 2026 skal ha generiske matvarer, vil det ikkje vere behov for sletting av matvarer utover sletting av matvarer som ikkje lenger er på marknaden. Desse vil bli sletta ved den neste oppdateringa av Matvaretabellen. Alle næringsstoffverdiane i Matvaretabellen har ein referanse som viser kva år verdien er frå. Det vil seie at det er enkelt for brukarane å sjå når næringsstoffverdien sist blei oppdatert.
Bruk av data frå bransjens egne databasar	
Somme nemner at data frå bransjens egne databasar kan brukast i arbeidet med oppdatering av Matvaretabellen.	Mattilsynet vil vurdere korleis data frå bransjens databasar kan nyttast som del av grunnlaget for vurdering og oppdatering av verdiane i Matvaretabellen. Imidlertid er det skilnader i utrekning av enkelte næringsstoff (til dømes karbohydrat) mellom databasane og Matvaretabellen. Det vil difor ikkje vere mogleg å låne data direkte frå desse databasane.

<u>Hyppigheit i oppdatering av data</u>	
Fleire skriv at dataene må kunne oppdaterast snarast mogleg når nye data er tilgjengelege.	Ein matvaretabell oppdaterast vanlegvis ein gong i året eller sjeldnare. Matvaretabellen oppdaterast årleg. Det er ikkje aktuelt med hyppigare oppdateringar fordi brukarane av tabellen skal vite kva versjon dataene er henta frå. Til dømes brukast dataene i andre databasar eller program. Dersom vi har tilgjengelege data av god kvalitet vil ei matvare bli oppdatert i den neste versjonen av Matvaretabellen.
<u>Omfang av næringsstoff som må leverast</u>	
Fleire meiner det er positivt at vi har gått bort frå at bransjen må levere data for samtlege næringsstoff.	Vi understreker at når kravet til kva næringsstoff bransjen må levere data om er redusert, vil det vere opp til vår vurdering om det er tilstrekkelege data til at ei matvare kan bli lagt til eller bli oppdatert.
<u>Bruk av dataene i Matvaretabellen</u>	
Enkelte ønsker informasjon og avklaring om korleis dataene i Matvaretabellen blir brukt i dei nasjonale kosthaldsundersøkingane, i Intensjonsavtalen om tilretteleging for et sunnere kosthold og i kosthaldsstatistikk.	Helsedirektoratet, Universitetet i Oslo og Mattilsynet vil i løpet av hausten 2025 informere bransjen om korleis dataene i Matvaretabellen blir brukt av Hdir og UiO.
<u>Analyseprosjekt</u>	
Enkelte meiner at produsentane bak matvarer som blir analysert i Mattilsynets analyseprosjekt må kvalitetssikre Mattilsynets analysar før næringsstoffverdiene blir publisert.	Produsentar/importørar av matvarer som er analysert i prosjekta og/eller relevante bransjeorganisasjonar/opplysningskontor vil bli informert før analyseresultata blir publisert. Informasjonen blir sendt til den e-postadressa som er oppgitt på nettsidene til verksemda. Verksemda er ansvarleg for å vidareformidle informasjonen til rette vedkomande.

	Utover å bli informert om publisering av analyseresultat vil ikkje bransjen kunne delta i kvalitetssikring eller godkjenning av analyseverdiane før publisering.
--	--